



Austrheim
KOMMUNE

Alkoholpolitisk plan

2024-2028

opne landskap, ope sinn

- Vedteken av Austrheim kommunestyre i møte 26. september 2024, som sak 2024/xxx.

Innhold

1. Alkoholpolitisk plan	3
1.1. Innleiing/føremål.....	3
1.1.1. Lovgrunnlag	3
1.2. Ansvar, delegering og definisjonar	3
1.2.1. Kommunestyret sitt ansvar.....	3
1.2.2. Kommunestyret si delegering til formannskapet.....	3
1.2.3. Kommunestyret si delegering til kommunedirektøren.....	4
1.2.4. Løyveperiodar og løyvetypar.....	4
1.2.5. Definisjonar.....	4
1.2.6. Meir om salsløyve	5
1.2.7. Spesielt om salsløyve for Vinmonopol.....	5
1.2.8. Alminneleg løyve	5
1.2.9. Einskildløyve	5
1.2.10. Ambulerande løyve	6
1.2.11. Vilkår for skjenking på uteareal.....	6
1.2.12. Gebyr	6
1.3. Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol.....	6
1.3.1. Lokalisering.....	6
1.3.2. Alminneleg skjenkeløyve kan ikke bli gitt til lokale eller stadar:	6
1.3.3. Serveringsløyve.....	7
1.4. Retningsliner for handsaming av alkoholsaker.....	7
1.4.1. Vilkår for løyve.....	7
1.4.2. Kontroll av sals- og skjenkestader.....	8
2. Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Austrheim kommune	9
2.1.1. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk	9
2.1.2. Alminnelege skjenketider	9

1. Alkoholpolitisk plan

Kommunen er gjennom Alkohollova § 1-7d. pålagt å utarbeida ein alkoholpolitisk plan. Planen skal opp til vedtak i kommunestyret ved starten av kvar valperiode, seinast ved utgangen av september året etter valet. Planen gjeld for fire år.

1.1. Innleiing/føremål

1.1.1. Lovgrunnlag

Alkohollova gjev kommunane ansvar for tildeling av sals- og skjenkeløyve, og for å føra kontroll med og setja i verk sanksjonar mot sals- og skjenkestadane ved eventuelle avvik. All omsetnad av alkoholholdig drikk krev løyve.

Kommunen skal ivareta helse- og sosialpolitiske omsyn på best mogleg måte, samstundes som det er viktig å ivareta næringspolitiske omsyn. Den alkoholpolitiske planen skal gje rammer for behandling av saker etter alkohollova, og gje politikrar, innbyggjarar og næringsdrivande ei oversikt over kva som blir lagt til grunn ved behandling i slike saker. Kommunen sine lokale retningsliner og regulering av sals- og skjenkereglar er viktige verkemiddel for å avgrensa alkoholrelaterte skader.

Alkohollova sitt føremål er gitt i § 1-1: «Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Folkehelselova sitt formål er gitt i § 1 «Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjewner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.»

1.2. Ansvar, delegering og definisjonar

1.2.1. Kommunestyret sitt ansvar

- Kommunestyret skal vedta alkoholpolitisk plan, jamfør alkohollova § 1-7d.

1.2.2. Kommunestyret si delegering til formannskapet

- Kommunestyret delegerer til Formannskapet å gjera vedtak om sals- og skjenkeløyve i løyveperioden, jamfør alkohollova § 1- 7.

- Kommunestyret delegerer til Formannskapet å vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve, jamfør alkohollova § 1-8.
- Formannskapet er klageorgan for saker som er delegerte til kommunedirektøren.

1.2.3. Kommunestyret si delegering til kommunedirektøren

- Godkjenna skifte av styrar og avløysar ved eksisterande sals- og skjenkeløyve (alkohollova § 1-7c).
- Avgjera søknader om utviding av skjenkearealet for faste løyve for ein enkelt anledning (alkohollova § 4-2).
- Avgjera søknader om ambulerande løyve for slutta lag (alkohollova § 4-5).
- Avgjera søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og til ein avgrensa periode på 10 dagar (Alkohollova § 1- 6).
- Fatta enkeltvedtak om tildeling av prikkar og om inndraging av løyve ved brot på alkohollova. Priktildeling er regulert i alkoholforskrifta (§ 10-2 til § 10-6).

1.2.4. Løyveperiodar og løyvetypar

- Austrheim kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltar (jamfør alkohollova § 1- 6).
- Kommunen kan tildela to hovudtypar løyve: Skjenkeløyve og salsløyve.

1.2.5. Definisjonar

- Ambulerande løyve – løyve til ein enkelt anledning kun for slutta lag/ selskap.
- Einskildløyve – løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope arrangement eller til slutta lag . Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode / sesong.
- Med slutta lag meiner ein at det før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale . Selskapet er ikkje ope for utanforståande.
- Sal: Med sal forstår ein overdraging av alkoholholdig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking utanfor salsstaden.
- Skjenking: Med skjenking forstår ein sal av alkoholholdig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.
- Alkoholfri drikk: Drikk som inneholder under 0.7 volumprosent alkohol.

- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneholder frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneholder over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneholder over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneholder frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

1.2.6. Meir om salsløyve

- Med salsløyve meiner ein sal av alkoholhaldig drikk gruppe I i daglegvarebutikk og/eller nettsal. For nettsal må ein ha løyve i den enkelte kommune der ein skal levera ut alkoholhaldig drikk.
- Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer: «Som daglegvarer reknast matvarer og andre nærings- og nyttingsmiddel, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldsvarer av papir, plast, reinse - og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, bone-, reinse- og pussemiddel. Forretninga må har eit matvaretilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar.»
- Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar, jamfør Alkoholforskrifta §3-4.

1.2.7. Spesielt om salsløyve for Vinmonopol

- I medhald av alkohollova §3-3 godkjenner kommunen utsalsstader for A/s Vinmonopolet.

1.2.8. Alminneleg løyve

- Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert tildelt skjenkestader med liten eller ingen matservering. Dette gjeld også for hotell, selskapslokale og spisestader.
- Skjenkeløyve for alkoholholdig drikk kan bli gitt til person over 20 år eller til ei juridisk eining som må pårekna ikke å ville misbruke løyve (alkohollova§ I-7b og c).
- Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersgrensa ved staden.

1.2.9. Einskildløyve

- Løyve til eit enkelt, bestemt arrangement som ikkje er omfatta av fast løyve

kan bli gitt etter ei særskild vurdering. Løyve er tids- og stadsavgrensa.

1.2.10. Ambulerande løyve

- Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Arrangement i regi av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.

1.2.11. Vilkår for skjenking på uteareal

- Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømmingsvegar.
- Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vera slik at den er til vesentleg sjenanse/ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området der uteserveringa er.
- Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl. 2300 ved større særskilde arrangement.

1.2.12. Gebyr

- Gebrysats for faste sals- og skjenkeløyve, og ambulerande/einskildløyve er regulert i alkoholforskrifta § 6.2.
- Gebrysats for ambulerande/einskild løyve blir fastsett av Helsedirektoratet, og justert årleg.

1.3. Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol

1.3.1. Lokalisering

- Skjenkestadane bør ikkje ligge i eller nær skular, barnehagar og idrettsanlegg.

1.3.2. Alminneleg skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiær med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.
- Som er tiltenkt idretts- mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom, samstundes som slik aktivitet går føre seg.
- I grunnskular og kombinerte anlegg for skule- jfr. Opplæringslova § 9-5, andre ledd: «På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til

nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skole og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida.»

* sjå definisjon særlege høve

- Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg. Ved utleige til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområda, er større kommunale idrettshallar ikkje omfatta av dette punktet.
- Stader som spesielt tiltrekker seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.
- Tvilstilfelle av «særlege høve» skal avgjerast i formannskapet, eller av ordførar dersom tidsfaktoren tilseier det.

*Særlege høve vert i denne samanheng definert til å gjelda: Større arrangement som går føre seg 1-2 gonger pr. år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.

- Unntak for utleige til særskilte arrangement gjeld større kommunale idrettsanlegg der arrangementet er av ein slik storleik at det ikkje kan gjennomførast i andre utleigelokale i nærområda.
- Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøp e senter/ butikksenter, må vera i eige skjerma lokale .
- Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1- 3.

1.3.3. Serveringsløyve

- Som hovudregel må ein ha serveringsløyve for å utøva alminneleg skjenkeløyve, jamfør Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven)
- Vedtak på søknader om serveringsløyve vert delegert til kommunedirektøren.

1.4. Retningslinjer for håndtering av alkoholsaker

1.4.1. Vilkår for løyve

- Følgjande dokumentasjon må vera motteken før løyve kan takast i bruk.
- Kopi av bruksløyve frå bygningsmyndighetene
- Kvittering frå Altinn på at oppstartskjema er innsendt til Mattilsynet
- Bevillingsgebyr må vera betalt

- Styrar og stedfortredar må dokumentera bestått kunnskapsprøve.
- Dokumentasjon på at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret så snart som mogeleg og seinast innan ein månad frå oppstart.

1.4.2. Kontroll av sals- og skjenkestader

- Det er kommunen sitt ansvar å kontrollere kommunale sals- og skjenkeløyve
- Ved brot på alkohollova gjeld Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk kapittel 10.
- Alkoholforskrifta § 10-1 til § 10-6 inneholder eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter. Denne ordninga er obligatorisk og kommunen pliktar å følgje krava i forskriften.
- Dersom det ved kontrollar eller politirapport vert rapportert alvorlege brot på alkohollova, har kommunen løyve til å inndra kommunalt sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom.
- Inndraging av sals- og skjenkeløyve er heimla i alkohollova § 1

2. Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Austrheim kommune

- Vedteken av Austrheim kommunestyre i møte 26. september 2024, som sak 2024/XXX.
- Fastsett med heimel i lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk (Alkohollova).

2.1. Sal og utlevering av alkoholholdig drikk

- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på kvardagar kan skje fra kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje fra kl. 09.00 til kl. 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan er salstida til kl. 16.00.
- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

2.1.2. Alminnelege skjenketider

- Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar fra kl. 08.00 til kl. 02.00, men med følgjande unnatak:
- Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.
- Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 3 er frå klokka 13.00 til klokka 01.00 alle dagar.
- Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida. Konsum av utskjenka alkohol skal avsluttast seinast ein halv time etter at skjenketida tar slutt.